

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Øivind Olsnes		15/60

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
023/2015	Formannskapet	PS	17.03.2015

Orienteringssaker

Forslag til vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

Saksopplysningar:

Formannskapet - 023/2015

FOR - behandling:

KOMMUNESTRUKTUR

Møte i Regionrådet for Nordhordland - felles prosjekt om kommunestruktur

Varaordfører og rådmann deltok på regionrådsmøte den 13.03.15 og gav ei orientering om status og drøftingar av denne saka i dette møte.

Regionrådet har no rådd til at alle kommunar vel 3 politikarar frå kvar kommune, som skal delta i forhandlingar mellom kommunane i fellesprosjektet. Rådmennene i alle kommunane skal og delta.

Regionrådet vil kalla inn til eit felles forhandlings-/drøftingsmøte den 16. april 2015.

Møte mellom formannskapet i Vaksdal og formannskapet i Modalen kommune

Frå Vaksdal kommune møtte:

Ordfører Eirik Haga, Varaordfører Sigmund Simmenes, Bjørg Åse Nottveit Hop, Heidi Rongved, Helge

Gullbrå, Silje Stien, Anneli Vathe Lilletvedt, Karin Groth og Rådman Trine Grønbech

Ordfører Knut Moe ønsket formannskapsmedlemene i Vaksdal velkomne til Modalen og innleia møtet om kva felles interesser og samarbeid som i dag er mellom kommunane.

Ordfører Eirik Haga og rådmann Trine Grønbech orienterte om folkemøta og drøftingane som er gjennomført vinteren 2015 under Vaksdal kommune sin sonderingsfase. Det vart også gjeve ei orientering om kva vidare prosess Vaksdal planlegg fram til endeleg vedtak av alternativ våren 2016.

Etter orienteringa var det drøfting der det framkom ulike synspunkt på behov for endring og om kva som bør avklarast og vektleggast i den vidare prosess. Fleire av Vaksdal sine formannskapsmedlemar uttalte ønskje om at Modalen og Vaksdal burde utgreiast som eit alternativ for samanslåing. Vaksdal har i første fase også skissert eit alternativ der kommunen kan verte delt opp og der ulike delar kan verte slegne saman med fleire andre kommunar.

I møtet vart det ikkje trekt nokon konklusjon i høve vidare felles oppfølging av saka.

Felles møte vart avslutta med lunsj på Mobryggja.

Oppsummering i Modalen formannskap

Formannskapet konkluderte med at saka vert å drøfta nærmare i komande kommunestyremøte.

Formannskapet samla seg også om å føreslå at kommunestyret vedtek at det skal haldast ei rådgjevande folkerøysting om eventuell kommunesamanslåing for Modalen.

FOR - vedtak:

Orienteringar vert tekne til vitande